



## **VALPROGRAM FOR NYE ØYGARDEN SOSIALISTISK VENSTREPARTI 2019-2023**

### **Innhald**

For dei mange, ikkje for dei få!	1
Oppvekst	3
Skulen	3
Barnehagen	5
Arbeidsliv	6
Eit arbeidsliv for alle	6
Eit likestilt arbeidsliv	7
Ei progressiv reiselivsnæring!	8
Havbruk	9
Helse og omsorg	9
Rusomsorg	9
Psykisk helse	9
Barn og unge	9
Ein verdig alderdom	9
Miljø	10
Samferdsel	10
Energi og ressursforvaltning	12
Kultur, idrett og friluftsliv	13
Kultur til alle!	14
Solidaritet	15

### **For dei mange, ikkje for dei få!**

«Vi»-kjensla vest om Sotrabraa.

SV meiner at eit samfunn der menneska løyser problem i fellesskap er mogeleg. Vi vil ha eit samfunn med meir demokrati og ei rettferdig fordeling av godane.

Viktige verdiar for den nye storkommunen er felles kultur, språk og identitet. Øygarden kommune skal realisere potensialet i heile regionen og vidareføre ein desentralisert busetnad med levande bygder.

Innbyggjarane skal oppleve at dei har den same tilknytninga til den nye kommunen som dei har til si eiga bygd og gamle heimkommune. Kommunedelsentra på Rong og i Skogsskiftet skal brukast og vidareutviklast. Utbygging og utvikling skal famne heile kommunen frå sentrum til periferi.

Med eit felles infrastrukturfond og eit felles kultur- og idrettsråd kan dette verte mogeleg. Men vi treng òg å skape ein felles identitet som famnar både strilekultur og impulsar utanfrå. Vi skal ta vare på det særleine og styrke kjensla av fellesskap på same tid.

Folk som bur her ute på øyane har store forventningar til den nye storkommunen – forventningar om at tenestene til innbyggjarane vert betre, og at tilboda generelt vert fleire og meir varierte. Dei forventar òg å få vere med å påverke utviklinga vidare på ein open og demokratisk måte.

### **Folkestyre og tillitsreform**

God utdanning, helse og velferd og eit levande folkestyre handlar om grunnleggjande tillit. SV vil gå i bresjen for ei tillitsreform kor innbyggjarar, tilsette og folkevalde går saman for å skape betre velferd, samfunn og lokaldemokrati. Vi vil gje meir tid og tillit til dei tilsette og større medverknad for brukarane.

Vi har tillit til medarbeidarar med fagleg kompetanse, og vil lytte til organisasjonar som representerer medlemmer i alle slags yrkesgrupper. Samstundes skal vi vidareføre ein god kontakt med næringsliv og arbeidsgjevarar, med tillit til fagmiljøa desse representerer. Trepårtssamarbeidet har vår fulle støtte!

Lokaldemokratiet byggjer på tillit og gode relasjonar mellom innbyggjarane og dei som tek avgjerdene. SV vil ha meir demokrati i Øygarden kommune. Innbyggjarane må sjølv få ta direkte del i viktige demokratiske avgjerder gjennom direkte innverknad på viktige einskildsaker. Dette kan skje gjennom betre informasjonsarbeid og opne høyringar. SV er tilhengjar av folkeavstemmingar i saker som innbyggjarane ikkje har kunne ta stilling til ved val.

Vi vil føre ein politikk som motverkar negative fylgjer av kommunesamanslåinga, som sentralisering og maktkonsentrasjon. Øygarden skal vere ein kommune grunna på fellesskap og sterke fellesløysingar, der det er godt å bu for alle, uavhengig av bustad og sosial og kulturell bakgrunn. Difor vil SV arbeide for at innbyggjarane skal kjenne tilknytning og engasjement for utviklinga i den nye storkommunen gjennom medverknad i politiske grendeutval.

### **Oppvekst**

SV ynskjer at barnehagar, skular og barnevern skal vere eigd og driven av kommunen. Vi er imot kommersialisering og konkurranseutsetjing på dette feltet. Kvar krone bevilga til barnehagar, skular og barnevern skal gå til borna og ungdommen, og ikkje til profitt for kommersielle eigarar. Ein kommune som er god å vekse opp i for barn og unge, er ein god kommune for alle. SV vil sikre alle trygge og gode oppvekstvilkår gjennom ein heilskapleg politikk for barn og unge.

Vi må ha fokus på tidleg innsats og førebygging. Gjennom eit ope og sterkt samarbeid mellom barnehagar, skular, SFO, kulturskule, barnevern og andre instansar, kan vi syte for at ingen barn fell utanfor. Målet er at alle offentlege tenester er samordna til det beste for barnet. Ei hovudoppgåve må vere å sikre at ingen barn veks opp i fattigdom eller opplever vald, overgrep eller omsorgssvikt.

## Skulen

### Mindre målstyring i skulen

Kompetanse er ein berebjelke i SV sin politikk, og vi arbeider for ein inkluderande skule som let kvar einskild elev få utvikle sine evner og interesser. Det er det gode møtet mellom lærar og elev som er utgangspunkt for læring og meistring i skulen. Lærarane må få meir tid til kvar einskild elev uansett evnenivå, og til å jobbe med kjerneoppgåvene sine – undervisning og oppfølging av elevane.

Skulane skal vere gode arbeidsplassar for både elevar og tilsette. Vi ynskjer ein mangfaldig fellesskule som oppmodar elevane til å tenkje sjølve! Difor vil SV styrkje elevråda og elevstyrte aktivitetar ved skulane.

#### SV vil:

- Ha ei tillitsreform i skulen, med sikte på mindre målstyring og detaljregulering.
- Redusere testar og rapportering i skulen
- Innføre gratis frukt og grønt og frukostmåltid
- At alle minoritetsspråklege barn skal ha tilbod om morsmålsundervisning og tospråkleg fagundervisning
- Styrkje rådgjevarkompetansen
- Stimulere til ungdomsbedrifter
- Fjerne alle former for eigenbetaling i skulen
- Tilby leksehjelp av lærarar
- Skulelokale, undervisningsutstyr og teknologisk/IT-utstyr må få universell utforming
- Arbeide for å følgja opp elevar som står i fare for å ikkje fullføre utdanninga
- Betre samarbeidet mellom skule og SFO
- Betre samarbeidet mellom skule, idrettslag, kulturskule og andre barne- og ungdomsforeiningar i nærmiljøet
- Sikre ei god skulehelseteneste.
- Syte for at alle barn har ein trygg skuleveg.
- Vidareføre og utvikle Ungdomskontoret, etter modell i Sund.
- Kvotere mannlege pedagogar inn i skulen.

- Auke tal på lærlingplassar, mellom anna ved at kommunen stiller krav om å ta inn lærlingar i vilkåra for offentlege anbod.
- Styrkje samarbeidet skule/barnevern for å sikra at ingen barn veks opp i ein kvardag prega av vald, overgrep eller omsorgssvikt.

## **Barnehagen**

SV ynskjer å auke kvaliteten i barnehagen. Vårt mål er at alle som jobbar i barnehagen skal ha høg fagleg kompetanse, og at fleire skal vere barnehagelærarar. Det må leggest betre til rette for at tilsette i barnehagen kan oppnå formalkompetanse.

SV meiner at barnehagane i kommunen må driftast i kvalitetsmessige gode bygg som er eigna til formålet.

Barnehagen er ein viktig arena for å gje ulike barn like moglegheiter. Låge barnehageprisar er naudsynt for at alle barn skal kunne gå i barnehage, og maksprisen må difor oppretthaldast. Kommunen må i tillegg ha rabatt- og fritaksordningar for barnefamiliar med låg betalingsevne. På sikt ynskjer vi at barnehagen skal vere gratis for alle barn, på lik linje med skulen.

Vi vil ha inkluderande barnehagar i kommunen vår. Alle foreldre som ynskjer plass til barna sine skal få det.

### **SV vil:**

- At pengar som vert brukt på barnehagar skal gå til kvalitet i barnehagen, ikkje til fortjeneste for kommersielle selskap.
- Innføre to barnehageopptak i året.
- Syte for at barnehagane vert drivne i eigna lokale.
- At det skal tilsetjast tospråklege assistentar i barnehagane ved behov.
- Syte for at norma i høve til pedagogisk bemanning i barnehagane vert følgde.
- Sikre at barn med særskilde behov skal ha ein god kvardag i barnehagen. Kvotere mannlege pedagogar og assistentar inn i barnehagane.
- Arbeide for at det er leiken som pregar pedagogikken i barnehagen.
- Arbeide mot massetesting av barn og mot meir målstyring i barnehagen

- Arbeide for å gje tilbod om barnehageplass i nærleiken av bustad

## **Arbeidsliv og næring**

### **Eit arbeidsliv for alle**

Arbeidslivet skal vera ope for alle.

Arbeid gjev oss fellesskap og ei kjensle av å høyre til. Arbeidsløyse er sløsing med menneskelege ressursar og er ei viktig årsak til aukande økonomisk og sosial ulikskap mellom folk. Full sysselsetting, små lønsskilnader og eit velorganisert arbeidsliv gjev eit betre samfunn for alle.

Innvandrarar er ein ressurs og tilfører Noreg verdifull kompetanse. Å sikre alle like mogelegheiter til å delta i arbeidslivet, skaffe seg ein heim og eit sosialt liv er nøkkelen til ei god integrering og bidreg til å førebyggje motsetnader og segregering. Føresetnaden for ei vellukka integrering er at kommunane har ein aktiv arbeidsmarknadspolitikk retta mot innvandrarar. For SV er det ei prioritert oppgåve å få fleire kvinner med minoritetsbakgrunn i arbeid. Deltaking i arbeidslivet gjev økonomisk sjølvstende som er ei føresetnad for kvinnefrigjering og eit effektivt tiltak mot barnefattigdom.

Arbeidslivet sine krav om å få ned sjukefråværet må ikkje føra til at sjuke og eldre arbeidstakarar vert utestengde. Menneske med ulike funksjonshemmingar skal ha same mogelegheiter innan alle samfunnsområde. Tilpassing av arbeidsplassar og oppgåver er eit viktig verkemiddel for å auke arbeidsdeltakinga til denne gruppa.

### **SV vil:**

- At kommunale stillingar skal vere heiltidsstillingar
- Opprette vikarpool og fjerne bruken av ringevikarar
- Hindre privatisering av kommunen sine oppgåver
- At kommunen også skal vere ein arbeidsstad for personar med yrkeshemming, helseproblem og sosiale vanskar.
- Redusere bruken av mellombels tilsette og redusere overtidsarbeid
- At eldre arbeidstakarar skal kunne halde fram i arbeidslivet til dei når pensjonsalderen

- At kommunale oppdrag skal gå til firma som har ordna løns- og arbeidstilhøve for sine tilsette og som følgjer ILO-konvensjonen
- At det offentlege må ta eit særleg ansvar for å tilsetje innvandrarak og kalle dei inn til intervju.
- Kommunen skal tilby ungdom sommarjobb og læreplassar
- Styrkje arbeidsmiljøet, helse og tryggleik på kommunale arbeidsplassar
- Satse på fagutdanna personell.
- Arbeide for å styrkje dei tilsette sin yringsfridom og styrkje stillinga til dei som varslar, mellom anna gjennom å vedta ei varslarplakat.
- Opprette språktreningsarbeidsplassar for flyktningar.
- Opprette fleire VTA-arbeidsplassar i kommunen.

### **Eit likestilt arbeidsliv**

SV arbeider for likestilling og likelønn. Kampen for full kvinnefrigjer og likestilling er ein kamp for rettferd for alle, og vårt mål er eit samfunn der kjønn ikkje skal avgrense folk sin fridom.

SV er eit feministisk parti som vil arbeide mot at kvinner vert undertrykte politisk, sosialt og økonomisk og vert underrepresentert i maktposisjonar.

Likeløn og heiltidsarbeid er ein berebjelke i det feministiske arbeidet.

Det mest ekstreme utslaget av maktforholdet mellom menn og kvinner kjem til uttrykk gjennom menn sin vald mot kvinner. Dette er eit alvorleg samfunnsproblem i vårt land og internasjonalt. Det må ein langt større og meir systematisk innsats til frå samfunnet si side for å kjempe mot denne valden. På same måte må seksuell trakassering av kvinner sjåast på som eit samfunnsproblem og ikkje eit problem for den einskilde kvinne.

#### **SV vil:**

- Ta vare på og styrkje velferdsstaten; kampen for velferdsstaten er ein kamp for kvinnearbeidsplassar og kvinnerettar.
- Det skal leggst til rette for at kvinner og småbarnsforeldre kan delta og vere politisk aktive.

- Auka rekruttering av kvinner til leiarstillingar i kommunale bedrifter og institusjonar.
- Vidareføre arbeidet med å kartleggje omfanget av i uønskt deltid, og gå i aktiv dialog med fagforeiningane.
- Fortsetje og auke kampen for likelønn
- Inspirere til mindre kjønnsstradisjonelle fag- og yrkesval gjennom aktiv rådgjeving på skulane.

### **Ei progressiv reiselivsnæring**

Reiselivsnæringa er i vekst, men skal næringa vere framtidsretta, må ein ha sterkare tilknytning til lokalsamfunna og kulturlandskapet. Vi ynskjer deltakande turistar og ikkje berre passive tilskodarar. Naturbasert reiseliv/turisme må derfor verte eit satsingsområde.

### **SV vil:**

- Legge til rette for sykkelturisme i Øygarden
- Arbeide for fri ferdsle i strandsona og handheving av allemannsretten
- Utbetre infrastruktur for å satse på bærekraftig heilårs arbeidsplassar knytt til reiseliv.
- Etablere fleire kompetansesarbeidsplassar knytt til natur og kultur.
- Auke sikkerheten i reiselivet ved å stille sertifiseringskrav til naturguiding.
- Arbeide for å få ei sterkare forvaltning og regulering av turistfiske.
- Vurdere fellesgodebeskatning på overnattingstilbod som gir kommunane høve til å tilretteleggje for bærekraftig turisme.

### **Havbruk**

Øygarden kommune har som overordna mål å vere eit regionalt og nasjonalt fyrtårn innan teknologi, energi og marine næringar. Det er eit mål som forpliktar.

Sjølv om potensialet i oppdrettsnæringa er enormt, er ingen tent med at heile kysten vert brukt til industri. Kystnaturen er sårbar og bør ha same vernerett som anna naturform. Skal næringa kunne føre til enda fleire arbeidsplassar og auka verdiskaping, må det ryddast opp i problema som næringa skapar.



Oppdrettsnæringa må i større grad basere seg på fôr frå norske kjelder. SV vil difor prioritere forskning innan oppdrettsnæringa, slik at denne vert mest mogleg berekraftig. Viss Norge løyser problema med lus, rømming, dyrevelferd og syter for at fôr er berekraftig og kortreist, vil næringa verte mindre konfliktfylt, og i tillegg kunne gi verda metodar og teknologiar til å handtere nokre av dei største utfordringane.

SV vil ha betre styring med havbruket og stille strengare krav. Prinsippet om at forureinar skal betala for avbøtande tiltak skal òg gjelde for oppdrettsnæringa. På sikt må oppdrettsnæringa flyttast til tette, sjøbaserte merdar.

### **SV vil:**

- Redusere eigarkonsentrasjonen i norsk havbruk og styrke det lokale eigarskapet til ressursane.
- Krevje tiltak for redusert lokal forureining frå oppdrettsanlegg.
- Stille miljøkvalitetsstandard for havbotnen under anlegg, som er på nivå med standardar i land som kan samanliknast med Norge.
- At fiskeoppdrett skal skje i lukka anlegg.
- Stille strengare krav til rømmingsfrie anlegg i sjø.
- Krevje merking av all fisk slik at rømt fisk kan identifiserast og sporast.
- Intensivere forskningsinnsatsen for produksjon av mikroalger til fôr.
- Bidra til fleire grønne konsesjonar for lukka og havbaserte merdar.
- At nye oppdrettskonsesjonar ikkje skal vere omsettelege.
- At konsesjonane skal falle tilbake til fellesskapet om dei går ut av bruk.
- At kommunen skal kunne skattlegge arealbruken i oppdrettsnæringa.

### **Helse og omsorg**

Innbyggjarane i Øygarden Kommune skal vere trygge på at helsetenestene er der når ein treng dei. Vi treng ei heilskapleg og sterk fagleg helseteneste der folk bur. Samordning mellom nivå og system må betrast, og vi må ta i bruk ny teknologi. SV vil nytte meir pengar på folkehelsearbeid, førebygging og behandling, og mindre på byråkrati.

For å sikre best moglege tenester og gode opplevingar for innbyggjarane må dei inkludrast og vere med å påverke. Det gjeld både brukarar og deira pårørande.

## **SV vil:**

- Prioritere førebyggande arbeid.
- Ha ei systematisk satsing for å betre helsetilstanden til ulike grupper i befolkninga, frå born til eldre.
- Styrke helsestasjonane.
- At statlege midlar vert nytta til å betre tilboda på helsestasjonane
- Sikre tilstrekkeleg tal på tilsette helsesjukepleiere og jordmødre.
- Bygge ut dei nødvendige helsetenestene i eigen regi og i samarbeid med ideelle aktørar.
- At kommunen utarbeider ein plan mot vald i nære relasjonar.

## **Rus**

SV vil styrke innsatsen mot rusmiddelavhengigheit. Førebygging av rusmiddelavhengigheit handlar om meir enn ruspolitikk aleine, og den viktigaste førebygginga er å sikre born og unge ein god oppvekst og styrkje innsatsen for betre psykisk helse.

Behandling av rusmiddelavhengige handlar om å betre både fysisk og psykisk helsa til den einskilde slik at dei er betre rusta til å kunne leve ein verdig kvardag.

## **SV vil:**

- Sikre at det vert utarbeidd eigen rusplan.
- At dagens mottaks- og omsorgssenter (MO) tilbod må utvidast og styrkjast.
- Ha eit godt tilbod innan ettervern for rusavhengige.
- Føre en avgifts- og skjenkepolitikk som vektlegg førebygging av alkoholskadar.

## **Psykisk helse**

Mange opplever psykiske problem i løpet av livet, og det kan vere ei stor belastning. Difor må hjelpetilbodet styrkast og ein må sikre gode førebyggande tiltak innanfor alt frå arbeidsliv og oppvekst til rusførebygging.

**SV vil:**

- At helsetilbodet for dei med psykiske utfordringar skal være raskt tilgjengeleg og integrert i folkehelsetilbodet.
- Forsetje og utvikle tilbodet om kommunepsykolog som sikrar pasientane kontakt innan 3 veker.
- Ha meir oppsøkjande og nær hjelp.
- Sikre at det vert utarbeidd eigen plan for psykisk helsearbeid.
- Styrke dei brukarstyrte tilboda

**Barn og unge**

Helsestasjonen er viktig for å sikre kontinuerleg oppfølging av barn. Den er òg eit viktig element i førebyggjande arbeid retta mot familiar, barn og unge. Å hindre at barn og unge veks opp i fattigdom vil også sikre dei ei betre helse.

Øygarden kommune skal ha eit sterkt barnevern, prega av fagleg kompetanse og god bemanning.

**SV vil:**

- Sikre god jordmordekning for alle gravide
- Sikre god dekning av helsesjukepleiar på helsestasjonar og i skule
- Ha open og tilgjengeleg helsestasjon for ungdom
- Sikre at helsestasjonen har tilstrekkelege ressursar til å kunne drive med førebyggjande arbeid.
- At førebyggjande haldningsarbeid mot valdtekt og seksuelle overgrep skal inn i seksualundervisninga i barnehage og skule.
- Alle elever må få tidleg og god opplæring i skolen om grensesetting.
- Barnetrygd skal ikkje reknast som inntekt ved berekning av sosialstønad.
- Ikkje avkorte stønader for familiar med mange barn.

## Ein verdig alderdom

Alle eldre som treng det, skal ha rett til eit verdig omsorgstilbod i offentleg regi. Tilbodet til eldre må vere tilpassa den einskilde sine behov. Heile omsorgskjeda må fungere i samanheng for å sikre eldre tryggleik og verdigheit, uavhengig av kvar dei bur i kommunen.

Kommunen må syte for at det er tilstrekkeleg med sjukeheimsplassar og korttidsplassar tilgjengelege til ei kvar tid.

Det må byggjast nok omsorgsbustadar med fast tilgjengeleg personale, gjerne i tilknytning til sjukeheimane. Den opne omsorga skal bestå, slik at eldre har høve til å bu i eigen heim. I tillegg bør det byggjast bustadar med livsløpstandard i tun i bygdene for dei som ikkje ynskjer eller klarar å bu i sine egne hus. Kommunen bør nytte statlege tilskotsordningar til slike formål.

Aktivitet er ei føresetnader for god fysisk og psykisk helse. Kommunen samarbeide med ulike organisasjonar (Turlaga, Folkeakademiet, Røde kors o.l.) for å legge til rette for aktivitetar som bidreg til å førebyggje isolasjon og einsemd.

For at dei eldre skal ha ei god digital kompetanse, er det viktig og naudsynt at kommunen tilbyr rådgjeving og kurs til eldre.

### SV vil:

- Prosjektet «Sjef i eige liv» må vidareførast.
- At eldre pleietrengjande skal ha rett til sjukeheimsplass.
- At det vert satsa på korttidsplassar, dagplassar og plassar for rehabilitering.
- At eldre som treng omsorgsbustad skal ha rett til dette.
- At det vert bygd bukollektiv for eldre i bygdene.
- At eldreomsorga tek omsyn til eit fleirkulturelt samfunn.
- Sikre at personar under 65 år skal ha eit tilstands- og alderstilpassa tilbod ved sjukdom
- Sikre at sjukeheim eller omsorgsbustad er på plass dersom ein treng det.

- Sikre god bemanningsnorm for å ivareta menneskerettar og verdigheit i omsorga.
- Auke satsinga på velferdsteknologi. .
- Styrke heimetenesta og legge til rette for at fleire som ynskjer det får bo trygt hemme.
- førebyggje einsemd ved å sikre gode aktivitetstilbod i samarbeid med frivillige organisasjonar.
- Legge til rette for møteplassar der unge og eldre møtes.
- Kjempe mot diskriminering av eldre.

## **Miljø**

Klimaendringane er menneskeskapte og derfor må dei stoppast av oss menneske. Det er både mogeleg og nødvendig å skape eit samfunn der menneske og miljø vert sett føre profitt. SV er garantisten for at dette arbeidet vert sett i høgsetet. Øygarden kommune skal vere ein pådrivar og utviklar for miljø- og klimavenlege løysingar, og kommunale arbeidsplassar skal fordelast på ein slik måte at ein motverkar fråflytting, sentralisering og unødig transport. Klimaendringane er menneskeskapte og derfor må dei stoppast av oss menneske. Det er både mogeleg og nødvendig å skape eit samfunn der menneske og miljø vert sett føre profitt. SV er garantisten for at dette arbeidet vert sett i høgsetet. Øygarden kommune skal vere ein pådrivar og utviklar for miljø- og klimavenlege løysingar, og kommunale arbeidsplassar skal fordelast på ein slik måte at ein motverkar fråflytting, sentralisering og unødig transport.

## **Samferdsel**

### **Meir buss, tog, bane, båt og sykkel - mindre bil!**

SV vil arbeide for at all areal- og samfunnsplanlegging medverkar til å redusera transporttrongen. Samferdsleplanlegginga må leggja til rette for at det blir enklare å gå til arbeid, skule og barnehage med minst mogleg bilbruk. God organisering av parkeringsplassar, i samband med bussknutepunkt, kan gjere det enklare å velje kollektivt. Det er viktig å utvikle kollektivtilbodet og byggje eit samanhengande og trygt nett for gåande og syklende.

SV ønskjer å satse på heilskaplege sykkelveggar både i tettstadene og i utkantane. Det skal leggjast til rette for auka bruk av sykkel til og frå jobb.

SV vil ha ein restriktiv bruk av bompengeprosjekt fordi bompengar er ein sosialt skeiv skatt. Eit krav er at det har lokal politisk tilslutning, og at inntektene vert nytta til betring av lokale, trafikale forhold.

**SV vil:**

- Sikre arbeidsplassar der folk bur
- Ha samanhengande gang- og sykkelsti på hovudvegen gjennom heile storkommunen.
- Syte for trafikkisikring med godt opplyste gangfelt på farlege kryssingspunkt langs vegen.
- Starte eit pilotprosjekt på seks månader med båtruter mellom Ågotnes og Bergen.
- Arbeide for betre korrespondanse mellom ferje og buss og for fleire ferjeavgangar mellom Klokkevik og Hjellevad.
- Ha tilrettelegging for nødsamband til vanns når Sotrabrua vert stengd.
- Byggje bussterminalar i kombinasjon med parkeringshus som er tilgjengelege for alle busspassasjerar, ikkje berre for dei med månadskort.
- Arbeide for realisering av Sotrasambandet med kollektivfelt og bybane.
- Offentleg transport skal vere lett tilgjengeleg og enkel å nytte, og med vårt utfordrande klima må alle busstopp ha busstur med sitjebenk.
- Arbeide for betre vegstandard og lokalt busstilbod ettermiddag og helg i ytre delar av kommunen
- Arbeide for å etablere fleire hurtigladdestasjonar for EI-bilar.
- Arbeide for å få den kommunale bilparken over på EL-kraft.
- At båtar og skip som ligg til kai skal få tilgang til landstrøm!
- Få meir av transporten over på sjø og båt.

## **Energi og ressursforvaltning**

Forvaltning av ressursane handlar om å ta vare på ressursane for kommande generasjonar.

SV ønskjer eit næringsliv som legg eit samfunnsøkonomisk perspektiv til grunn for avgjerder, og som ikkje har rask fortjeneste som einaste mål. Vi vil arbeide for å utvikle og etablere arbeidsplassar som er berekraftige, basert på miljøteknologi og produksjon av miljøvenlege produkt.

Det skal vere eit strengt regime når det gjeld nye kraftliner gjennom sårbart landskap. Øygarden SV vil gå mot nye gasskraftprosjekt som ikkje har CO<sub>2</sub>-fangning frå første driftsdag.

Levedyktige og varierte arbeidsplassar må finnast der folk bur. Nærleiken lokalsamfunnet har til ressursgrunlaget legg betre til rette for høgare kvalitet, mindre sløsing, fleire arbeidsplassar og meir demokratisk kontroll. Det betyr mellom anna satsing på desentralisert småskala landbruk og fiskeri, industri- og tenesteproduksjon og kultur og reiseliv i distrikta.

## **Ein klimavenleg kommune**

Klimaendringane er vårt største miljøproblem, og kommunen må gå føre og vise at det er mogeleg å laga eit klimavenleg samfunn. Redusert energiforbruk er blant dei viktigaste klimatiltak me kan gjennomføre. Gjennom energi- økonomisering kan vi erstatte bruk av fossile brennstoff med fornybar energi, redusere utslepp av klimagassar, spare naturen for unødvendige inngrep og betre den lokale luftkvaliteten.

### **SV vil:**

- At alle høgspenningslinjer skal leggjast i kablar.
- Arbeide for at Øygarden vert ein Fairtrade-kommune.
- Satsa meir på ENØK-tiltak

- Satse på hav-vindmøller
- Verne dyrka jord og dyrkbar mark.
- Halde oppe småskalalandbruk og familiejordbruk.
- Gje gode rammevilkår for næringar som vil bidra til å løysa klimaproblema
- Påskjone bedrifter som frontar miljøvenlege løysingar.
- Arbeide for fri ferdsle i strandsona og handheving av allemannsretten
- Styrkje det lokale miljøvernarbeidet.
- Arbeide for at det offentlege følgjer ein grøn innkjøpspolitikk av varer og tenester.
- Arbeide for å få betre overvaking av skipstrafikken langs kysten og at Losstasjonen på Fedje må få auka ressursar.
- Følgje opp arbeidet med å få fjerna kvikksølvgifta utanfor Fedje.
- Utnytte lokale ressursar og kompetanse til grønne arbeidsplassar
- Følgje opp klimaplanen.
- Ivareta landskapet og det biologiske mangfaldet.
- Produsere nok og trygg, kortreist mat.
- Arbeide for å sikre kommunen sine innbyggjarar reint vatn.
- Sikre vidare drift av Stureterminalen når olja tek slutt.

## **Plastforsøplinga**

Plast held på å bli eit av dei største miljøproblema våre. Kvart år hamnar over 8 mill tonn søppel i havet. Mellom 70 og 80 prosent av dette er plast, og problemet er at



den ikkje forsvinn. Ein altfor liten del av plastemballasjen vert gjenbruka, resirkulert eller brukt til energigjenvinning. Viss ikkje vi endrar måten vi handterer plast på, vil det i 2050 vere meir plast enn fisk i havet. Plasten kan innehalde helse- og miljøfarlege stoff. Den finst no i alle ledd i næringskjeda, og kan til slutt ende på middagsbordet vårt. Nokre av kjeldene til mikroplast er slitasje av bildekk, måling og vedlikehald av båtar, måling og vedlikehald av bygg og vegar, granulat frå kunstgrasbanar, vask av tekstilar og anna som hamnar i avløpssystemet og plastavfall kasta i naturen.

Sjølv om dette er eit globalt problem som krev globale løysingar, er det mykje vi kan gjere på kommunalt nivå. Mange privatpersonar ynskjer å gjere ein innsats for å rydde plast og anna avfall på avvegar, og dei ynskjer å vere miljøbevisste forbrukarar. Då er det viktig at kommunen legg til rette og tek eit koordineringsansvar.

***Sv vil ta initiativ til at det vert laga ein handlingsplan mot plastforsøpling innan utgangen av 2020. Moglege tiltak i ein slik handlingsplan kan vere:***

- at det finst gode, rimelege innsamlingsordningar som sikrar at mest mogleg plast vert samla inn, sortert og sendt til materialgjenvinning eller energiutnytting
- å ta tak i ulovleg forsøpling lokalt, gjerne i samarbeid med næringsliv og bransjeorganisasjonar
- at alle hamner, både private og kommunale, får på plass godkjend avfallsplan innan utgangen av 2018
- å etablere godkjende vedlikehaldsplassar for båtar, der avrenning, kjemikalie og plast vert samla opp og reinsa. Samarbeid om felles mobile spylematter for brukarane i kommunen er ei god løysing.
- byte ut eventuelt gummigranulat på kunstgrasbanar når alternativa føreligg; I mellomtida innføre rutinar for oppsamling av gummigranulat som er på veg vekk frå banen, bl.a. ved å montere oppfangingsillar i kummar ved banen
- innføre gode ordningar for vask av vegar for å hindre avrenning av mikroplast, og få utgreidd om det finst renseløysingar som kan fange opp den opp
- foreslå oppgradering til bruk av best tilgjengeleg teknologi for filtrering av mikroplast i avløpsanlegg

- setje av midlar i budsjettet til plastrydding, og invitere til samarbeid med skular, barnehagar og frivillige organisasjonar
- samarbeide med landbruksnæringa om innsamling av landbruksplast, og fiskerinæringa om innsamling av plast frå havet
- regulere bruk av eingongsplast i kommunal regi.

## **Kultur, idrett og friluftsliv**

### **Eit inkluderande idretts- og friluftsliv!**

Naturoppleving kombinert med fysisk aktivitet er sjølve kjernen i friluftslivet.

Opplæring i friluftsliv bør vere del av samfunnsfagsopplæringa i introduksjonstilbodet for nykomne innvandrarakar.

Friluftsliv er ei viktig kjelde til betre fysisk og mental helse. Her kan ein driva alle mogelege aktivitetar sommar, vinter, haust og vår. Alle skal ha høve til å driva aktivitet i sitt nærområde, anten i organisert idrett eller heilt på eiga hand ute i naturen.

Norge har ein stolt tradisjon med eit allsidig organisasjonsliv som har drive fram ei demokratisk og sosial utvikling. SV ynskjer å ivareta den organiserte idretten og å verdsette dugnadsinnsatsen til lag og organisasjonar ved å gje desse gode vekstvilkår.

### **SV vil:**

- Arbeide for å få etablert ein ny og større symjehall i den sørlege delane av kommunen.
- Leggje til rette for universelt utforma turstiar, fiskeplassar og badeviker i kommunen.
- Utvikle eit samfunn som motverkar inaktivitet, og legg til rette for positive helseval og sunn livsstil. Eksempel på dette er tilrettelagde sykkel- og gangveggar og lysløyper.
- Leggje til rette for idrett, leik og friluftsliv for barn og unge, same kva sosial, kulturell og økonomisk bakgrunn dei har.
- Prioritere idrettstiltak for barn og unge og masseidrett.

- Arbeide for at idrettslaga og friluftorganisasjonane sitt viktige arbeid vert styrka og vidareutvikla. Sikre vedlikehald av eksisterande anlegg.
- Setje fokus på leiarutvikling og gode sosiale miljø i klubbane, og arbeide aktivt for auka breidde i rekrutteringsarbeidet.
- Arbeide for å styrke det uorganiserte tilbodet.
- Syte for at kommunen har eit tett og godt samarbeid med turlaga og idrettsorganisasjonane.
- Etablere eit kommunalt aktivitetsråd for å fremje friluftsliv og lågterskelaktivitetar.
- Arbeida for gode båthamner for fastbuande og turistar.
- Arbeida for ei tilgjengeleg strandsone som er ryddig og rein.
- Støtte opp om prosjekt som «Friluftslivets uke» og «Natt i naturen».

### **Kultur til alle**

Kultur heng saman med identitet, utvikling og livskvalitet. Det er gjennom kulturaktivitetar at vi kan realisere draumen om «det gode livet». Satsing på kultur er også god næringsutvikling og kan bidra til ein berekraftig kommune. Kultur er eit av våre samfunnsgode som skal vere for alle .

For Øygarden SV er det viktig at vi vernar om lokal kultur utan at vi stengjer for impulsar utanfrå. For å ta vare på den lokale identiteten vil vi at det vert satsa på kultursentra og nærmiljøanlegg i bygdene.

### **SV vil:**

- Satse på kultur som næringsutvikling.
- Arbeida for at kulturskuletilbodet er i nærmiljøet til eleven og at det i større grad vert integrert i skulefritidsordninga.
- Støtta opp under eit breitt og mangfaldig aktivitetstilbod i kommunen, så som musikk- og teaterliv, hestesport, mekkeklubb osv.
- Arbeida for å styrke biblioteket, blant anna gjennom fleire tilbod retta mot barn og spesielt mot ungdom.
- Leggje til rette for at ungdommen får utvikle sin eigen kultur på eigne premissar.

- Støtte arbeidet med kulturvern som vert gjort av historielag, sogelag og andre frivillige lag og organisasjonar.
- Arbeide for å opprette eit ikkje-religiøst seremonirom for gravferd.
- Støtte initiativ som har kulturelle møteplassar som mål og som tek vare på mangfaldet i strilakulturen.
- Arbeide for å styrke nynorsken sin plass, både i skulen og som administrasjonsspråk.

### **Solidaritet**

Krig og uro kjem stadig nærare vår fredelege eksistens i nord. Aggresjon og krigshandlingar får fram motsetningar og opprusting som vi kjenner frå den kalde krigen. Dagleg kjempar desperate flyktningar for livet, og norsk deltaking i krigar gir oss eit stort ansvar for å ta imot menneske i naud. Vi vil at Øygarden kommune skal vere ein open, inkluderande kommune utan rasisme og framandfrykt.

#### **SV vil:**

- Arbeide for at kommunen skal ta imot fleire kvoteflyktningar
- Arbeide med å aktivt inkludere flyktningane i samfunns- og arbeidsliv.
- Fortsette prosjektet «rett i arbeid» for flyktningar
- Arbeide for at kommunen skal ta imot einslege, mindreårige flyktningar.
- Kommunen vår skal vere open og inkluderande.
- Kommunen skal legge til rette for at (LHBT) lesbiske, homofile, bifile og transpersonar kan leve verdige liv i kommunen
- Arbeide imot rasisme og framandfrykt i kommunen.
- Legge til rette for fleire felles møteplassar

### **Bustadpolitikk**

Sosial bustadpolitikk skaper velferd og derfor ynskjer SV at alle skal ha rett til bustad. Øygarden SV vil etablere ein ikkje-kommersiell bustadmarknad ved at kommunen byggjer utleigebustader for menneske i alle livsfasar. Alle treng ein god stad å bo. Stabilitet i livet kan gi tryggleiken som skal til for at rushandsaming skal lukkast, og for at liv skal verte betre. Ein trygg stad å bo, også før behandling, og med god oppfylging er avgjerande for ein heilskapleg rusomsorg.

#### **SV vil:**

- Følgje opp bustadsosial handlingsplan
- Kjempe for at bustader for menneske med funksjonsutfordringar vert bygd i tråd med denne gruppa sine reelle behov og ynskje.
- Vere garantist for at medverknad frå brukarane, nedfelt i bustadsosial handlingsplan, vert ein realitet.
- Syte for verdige butilhøve og god behandling for rusavhengige
- Innføre ordninga «Frå leige til eige»!

### **Organisering av Øygarden kommune**

Øygarden SV vil ha ein god dialog mellom innbyggjarane, tilsette, bedrifter, lag og organisasjonar. Det er viktig at kommunen er organisert slik at den leverer best mogelege tenester til innbyggjarane, samstundes som kommunen skal vera ein god og attraktiv arbeidsgjevar.

Vi ynskjer at Øygarden kommune skal innføre regler som sikrar at alle som inngår avtaler og kontraktar med kommunen må dokumentere at dei ikkje er i kontakt med skatteparadis.

Utvikling av demokrati og lokalsamfunn krev at alle skal kunne delta, og vere sikre på at deira innspel vert tekne med.

### **SV vil:**

- Betre vedlikehaldet av kommunale bygg og uteområde
- Syte for vedlikehald av minnesmerker
- oppretthalde den kommunale vakttenesta for bygg som kommunen eig
- Redusere bruk av konsulenttenester i den kommunale forvaltninga
- Fjerne bruk av ad hoc-utval for å sikre demokratiet.
- Sikre at kommunen til ei kvar tid har gode og oppdaterte planar for alle tenesteområde.
- Arbeide for at det vert teke omsyn til estetikk i reguleringsplanar og utforming av det offentlege rom i kommunen.
- Ha gode informasjonskjelder for den nye kommunen, også informasjonstavler i det offentlege rom.



**Eva Aarskog (57) er 1. kandidat for Øygarden SV ved valget 2019.**

Eva har 1 barn, 4 barnebarn, er utdannet barnevernspedagog med videreutdanning innen rus og avhengighetsproblematikk og jobber på NAV Fyllingsdalen. Hun er særlig opptatt av helse- og sosialpolitikk, kvinnepolitikk og likestillingspolitikk. I tillegg er hun opptatt av å få et godt demokrati i den nye kommunen, helhetlig infrastruktur og gode planer for samferdsel i tillegg til å danne grunnlaget for et bærekraftig næringsliv og godt arbeidsliv.



**Symphorien Pombe er Øygarden SV sin 2. kandidat ved kommunevalget 2019.**

Symphorien på 45 år er far til to døtre, utdannet jurist fra Den demokratiske republikk Kongo og kom til Norge som politisk flyktning i mai 2002. Han har vært kommunestyrerepresentant i Sund i to perioder. Han har også vært nestleder for Hordaland SV. Symphorien er en norsk panafrikanist og feminist. Han brenner for barns og unges fremtid og internasjonal solidaritet. Han ønsker seg et varmt og inkluderende samfunn hvor makt og muligheter fordeles rettferdig uavhengig av kjønn, rase, tilhørighet og rikdom. Symphorien har jobbet i over 15 år i barnehage og skole i Sund. Nå bidrar han betydelig med sitt viktige arbeid på NAV Sund flyktningekontor.

Symphorien stiller også til valg på 3. plass for Vestland SV



**Christine Taule (47 år) er 3. kandidat på SV sin liste til valget.**

Christine har 3 barn, bor på Toftøy i Øygarden og jobber som avdelingsleder ved Sotra vgs. Hun er spesielt opptatt av at alle barn og unge får en god oppvekst uavhengig av bosted, økonomi, og bakgrunn. Hun vil jobbe for god offentlig profittfri velferd og for rett til hele stillinger. Hver krone som blir investert i barnehage, skole, i eldreomsorg og barnevern skal komme de som bruker tjenesten til gode og ikke berike private aktører.

***Godt val!***